



RUTINAR FOR OPPFØLGING AV TILSETTE SOM FÅR PROBLEM MED INNEKLIMA VED HF

1: Formål

Formålet med rutinane er å vise korleis arbeidsgjevar skal følgje opp tilsette som opplever fysiske helseplager knytt til inne-miljøet på arbeidsplassen.

2: Omfang

Denne rutinen gjeld for alle arbeidsplassar ved HF.

3: Definisjon

Med inneklimaproblem meiner ein her helseplager som irritasjon i slimhinner (øvre luftveier og augo) og hud, unormal trøytteleik og/eller hovudverk. Symptoma skal være knytt til opphald på arbeidsplassen og fråverande eller vesentlig redusert ved opphald andre stadar.

4: Ansvarsfordeling

- ✚ Den tilsette har ansvar for å melde frå til næraste leiar om inneklima-problema han/ho opplever.
- ✚ Arbeidsgjevar, v/instituttleiar og fakultetsdirektør, har ansvar for at gjeldande rutinar blir gjennomført. Det praktiske arbeidet kan delegerast, men ansvaret ligg likevel fast.
- ✚ HMS-seksjonen kan hjelpe til med kartlegging og vurdering av inneklimaproblem, og foreslå tiltak.
- ✚ Eigedomsavdelinga ved driftsleiar skal følgje opp bygningsmessige forhold som kan være relevant i kvart einskilt tilfelle.

5: Førstehjelp og progresjon

Å ta raskt fatt i problemet er svært viktig for ei god og snarleg løysing.

- ✚ Når ein tilsett melder om inneklimaproblem, må arbeidsgjevar straks avtale samtale med han/henne for å utdjupe og klargjere problemet.
- ✚ Den tilsette skal flyttast til anna kontor så sant det er mogleg, for å sjå om problema blir borte/reduisert der.

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjend elektronisk i ePhorte

- ✚ Den tilsette må bli informert om at han/ho bør bestille time ved Arbeidsmedisinsk poliklinikk for utgreiing. Bedriftslegen og/eller fastlegen kan samstundes kontaktast.
- ✚ Om problemet ikkje kan løysast ved eininga, må næraste leiar kontakte HMS-seksjonen for å avtale befaring av arbeidsplassen saman med driftspersonale og den tilsette. Verneombodet skal delta på befaringa. Etter ei samla vurdering vil HMS-seksjonen melde tilbake om resultatet av befaringa og foreslår tiltak.

6: Organisering ved UiB - rolleavklaring

Næraste leiar er personalansvarleg, og vil difor være den som koordinerer saka og sørger for framdrift til den er løyst. Han/ho kan delegere det praktiske arbeidet, men ikkje ansvaret.

Verneombod skal informerast ved inneklimaproblem og delta i problemløysinga slik det går fram av lover og forskrifter for vernetenesta.

HMS – seksjonen er fagavdeling for helse, miljø og sikkerheit, som gir råd om tiltak både til arbeidsgjevar og arbeidstakar og er oppdatert på relevant lovgiving.

Bedriftslegen og Arbeidsmedisinsk poliklinikk er sentrale i utgreiing av tilsette med inneklimate-problem.

Eigedomsavdelinga er fagansvarleg for bygningsmassen ved UiB, og undersøker/gir råd ved bygningsmessige manglar. Kontakt til Eigedomsavdelinga må gå gjennom HMS-avdelinga eller fakultetet, med unntak av Lydia-meldingar til Bygningsdrift.


Fakultetet skal informerast om saka og involverast dersom inneklimate-problema ikkje blir løyst lokalt.

Personal- og organisasjonsavdelinga sentralt (POA), blir involvert om saka ikkje kan løysast innan fakultetet.


Tillitsvalde tek vare på den tilsette sine interesser i tråd med regelverk for fagforeiningsapparatet.

7: Lover og reglar

- ✚ Arbeidsmiljølova (sjå særleg § 4.2 – 2b)
- ✚ Lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne § 12 - plikt til individuell tilrettelegging
- ✚ IA-avtalen
- ✚ Rutinar for oppfølging av sjukemelde
- ✚ Hovudavtalen


Roar Nese
HMS - seksjonen


Even Berge
Eigedomsavdelinga


Trine Moe
HF-fakultetet